

<b>Utval:</b>	<b>Vestland ungdomsutval</b>
<b>Møtestad:</b>	Grand Hotel Terminus, Bergen
<b>Dato:</b>	29.11.2019
<b>Tid:</b>	08:00

**Program:**

<b>Torsdag 28.11</b>	
20:00-20:30	Innsjekk på hotell Terminus
20:30-23:30	Felles julemiddag i restauranten på hotellet + sosialt
<b>Fredag 29.11</b>	
08:00-08:30	Opning – runden rundt bordet
08:10-09:15	Saksbehandling
09:15-09:30	Pause
09:30-10:20	Saksbehandling
10:20-10:30	Pause
10:30-11:30	Saksbehandling
11:30-12:00	Lunsj – buffet i restauranten på hotellet
12:00-13:00	Møte med hovudutvalsleiarane i følgjande utval: <ul style="list-style-type: none"><li>• Utval for kultur, idrett og integrering</li><li>• Utval for opplæring og kompetanse</li><li>• Utval for samferdsel og mobilitet</li></ul>
13:00-14:00	Saksbehandling/avslutning

**Viktig informasjon frå hotellet:**

Det er reservert rom til alle frå torsdag 28.11. Det er lagt opp til felles middag på kvelden kl. 20:30 der vi får servert juletallerken. Det vil bli lagt opp til sosialt etter middagen, men det er viktig at vi og prioriterer søvn ettersom det blir ein krevjande dag med saksbehandling på fredag.

Det er veldig viktig at dei som IKKJE skal ete middag på hotellet gjev beskjed. Same gjeld om det er nokon som ikkje kan ete julemiddag, til dømes om det er allergiar, vegetarianarar osv.

Hotellet har gitt beskjed om at det IKKJE er høve til å ta med medbrakt mat og drikke i møteromma.

Det vil vere to vaksne frå administrasjonen i Hordaland fylkeskommune til stades under heile opphaldet, både på dagtid og på natt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmar eller innkalte varamedlemmar ikkje kan møta og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette snarast råd ved å sende e-post til [silje.lyngstad@hfk.no](mailto:silje.lyngstad@hfk.no).

Denne innkallinga gjeld valde medlemmar og dei tre første varamedlemane i Vestland ungdomsutval.

Susanne Sørli Slettebakken  
leiar VU



## Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
GK	Godkjenningssaker		
	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Referatsaker		
RS	Ungdommens planprogram 2020	2019/82	
RS	Aktivitet og reisar i Vestland ungdomsutval sidan 03.11.2019	2019/82	
	Politiske saker		
PS	Konstituering av Vestland ungdomsutval	2019/82	
PS	Møtedato for Vestland ungdomsutval 2020	2019/82	
PS	Ungdommens planprogram 2020 - korleis arbeide og marknadsføre planprogrammet?	2019/82	
PS	Oversikt over ungdomsråd i Vestland fylkeskommune	2019/82	
PS	Evaluering av fylkesting for ungdom Vestland 2019	2019/82	
PS	Regional planstrategi - ungdom - trivsel og tilhøyre	2019/82	
PS	Den kulturelle skulesekken (DKS) og medverknad frå VU	2019/82	
PS	Val av representant til samarbeidsorganet for folkehelseprogrammet i Vestland fylkeskommune	2019/82	
PS	Invitasjon til å delta i KS ungdomsmedverknadsprosess	2019/82	

**Godkjenningssaker**

**GK 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Referatsaker**

**RS 1/19 Ungdommens planprogram 2020**

# **Ungdommens planprogram**


## **Fylkesting for ungdom Vestland**

# **DEL 1 VISJON OG VERDIAR**

## **VISJON**

**Fylkesting for ungdom Vestland – der ungdom blir høyrd**

## **VERDIAR**



# DEL 2 MÅL FOR PERIODEN

## KULTUR, IDRETT OG INTEGRERING

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal legge opp til to obligatoriske kulturelle tilbod som alle klassar skal delta på i løpet av eit år.
2.	VU skal arbeide for økonomisk tilrettelegging for vanskelegstilte ungdommar som ikkje har råd til å delta på fritidsaktivitetar.
3.	VU skal arbeide for å oppretthalde og forbetre kulturtilbod og idrettstilbod i fylkeskommunen
4.	VU skal arbeide for at "Gaming"/speling kan bli eit lavterskelttilbod innafor kultur og fritid i politikken.
5.	VU skal arbeide for større mangfald av minoritetar i ungdomsråda.
6.	VU skal oppretthalde samarbeidet med DKS om kulturtilbodet i den vidaregåande skulen, og foreslå at produksjonen skal handle om samfunnsaktuelle tema, og at det skal vere mogleg å kome med respons i ettertid.
7.	VU skal arbeide for fleire kulturinnslag i skulen.
8.	VU skal arbeide for at kulturskulen blir opprettholdt og forbetra.
9.	VU skal arbeide for å videreføra og fremja tilboden bokbåten Epos gjer.
10.	VU skal arbeide for at alle bibliotek skal kunne tilby tenesta utstyrsbibliotek.
11.	VU skal arbeide for å innføre ordninga med sjølvbetjente bibliotek i fylkeskommunen.
12.	VU skal arbeide for å etablere fleire og betre møteplassar for ungdom.
13.	VU skal arbeide for at det blir oppretta eit kulturkort for ungdom i Vestland fylkeskommune.
14.	VU skal arbeide for ei prøveordning med fadderordning for innføringsklasser.
15.	VU skal arbeide for ein kampanje som fokuserar på inkludering i lagidretten i den alderen der prestasjon og nivå, uheldigvis fører til at mange unge gjev seg med idretten.
16.	VU skal arbeide for at ungdommar skal kunne søke om midler for å lettere kunne danne sine eigne ungdomsklubber, idrettslag eller organisasjonar.
17.	VU skal arbeide for at økonomisk vanskelegstilte familiarar skal kunne lettare delta på ulike fritidsaktivitetar, på lik linje som andre familiarar.

## NÆRING, NATURRESSURSAR OG INNOVASJON

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal arbeide for å minske matsvinn i Vestland, for eksempel ved og sørge for at brukbar mat som ikkje kan bli solgt blir gitt til relevante føremål.
2.	VU skal arbeide for fleire lærlingplassar, særskilt i framtidsretta og innovative bedrifter.

3.	VU skal arbeide for at Vestland fylkeskommune har fokus på bærekraftig utvikling.
4.	VU skal arbeide for meir grønn energi i fylket, særleg er utbetringa av vasskraft og bølgjekraft viktig.
5.	VU ønskjer å hindre utbygging av vindmølleparkar på land i fylket.
6.	VU skal arbeide for at ein låneordning for unge entrepenørar vert oppretta.
7	VU skal arbeide for å leggje til rette for at ungdom i ungdomsskule- og vidaregåandeskule-alder skal ha moglegheit til deltidsjobb.
8.	VU skal arbeide for at Ungjobb skal verte innført i alle kommunane i Vestland fylke.

## OPPLÆRING OG KOMPETANSE

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	Det må vere betre symjeopplæring i skulen for utkantområdene spesielt for ungdomsskule og vidaregåande skule.
2.	VU skal arbeide for at elevinspektører skal bli satt inn igjen i den vidaregående skulen.
3.	VU skal arbeide for at det skal være karakterbasert opptak (fritt skuleval) i Vestland fylkeskommune samt arbeide for ikkje urimeleg lang reiseveg.
4.	VU skal arbeide for at fråfallet i den vidaregåande skulen skal være mindre enn 15% ved å utbreie alternative utdanningstilbod som til dømes produksjonsskular.
5.	VU skal jobbe for at midler som helsepsykolog og skolepsykolog og helsestasjon for ungdom skal informeres mer om og skal være lettere tilgjengelig.
6.	VU skal jobbe for at ungdom som trenger det skal ha moglegheit til å snakke med ein kvalifisert helsearbeider.
7.	VU skal arbeide for at god psykisk helse og bedre informasjon rundt temaet skal stå sentralt i VLK.
8.	VU skal arbeide for å opprette fleire linjer ved vidaregåande skular som har yrkesfag med idrettstilpassing. Døme på tiltak: <ul style="list-style-type: none"><li>- Dialog mellom idrettsutøvarane og fylkeskommunen.</li><li>- Løyve utstyr, pengar og liknande til tiltaket.</li><li>- Forlenge studietida over tre år i staden for to, for å få nok tid til trening, restitusjon, samlingar og liknande.</li></ul>
9.	VU skal jobbe for å lage eit minimumskrav om tal nynorsktimar for dei som skal ha nynorsk som sidemål. VU skal sikre at nynorskundervisinga startar tidleg i ungdomsskulane, potensielt i barneskulane.
10.	VU skal arbeide for å betre seksualundervisinga. Gjennom blant anna å ta temaet opp i media, ta det opp med fylkespolitikararar og engasjere ungdomsråd til å kreve meir frå grunnskulen.
11.	Grunna det er såpass vanskeleg å få dokumentert fråvær for psykisk helse og mange ungdommar ikkje har midla dei treng for å kunne søkje hjelpe dagens fråværsgrense for streng, og VU skal dermed arbeide for at fråværsgrensa skal bli auka. VU skal arbeide for at terskelen for å få dokumentasjon lågare, medan tillat fråværsprosent skal bli høgare.

12.	VU bør jobbe for å kunne bevare skulefrukost på alle videregående skulane i Vestland.
13.	VU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfold av identitetar, til dømes ved å delta på pride parader.
14.	VU skal arbeide for opprettelsen av en egen budsjettpost i fylkesbudsjettet tilegnet ekstrabevilgninger til innkjøp av skolebøker på begge målformer.
15.	VU skal arbeide for tilgang på psykolog på skolen.
16.	VU skal arbeide for at rådgjevartenesta skal ha eit årsverk per skule.
17.	VU skal arbeide for at alle skular skal i samråd med elevråd tilsette miljøarabeidarar.
18.	Alle elevar skal ha tilgang på ein psykolog på skulen. Alle skular skal ha ein sosialpedagogisk rådgivarteneste med minst eitt årsverk på kvar skule Alle skular skal ha minst ei helsesøster i 100% stilling
19.	Etter grunnskule og videregåande utdanning skal elevane delta i arbeids- og samfunnslivet. For at vi skal vere rusta for den kvardagen er det essensielt at skulen følgjer same utvikling som samfunnet elles. For at utdanninga skal vere relevant, må vi gi slepp på tanken om at læraren og læreboka er dei einaste kjeldene til kunnskap, og at læring berre kan gå føre seg innanfor klasserommet sine fire veggar. Ved hjelp av moderne læremiddel skal skulen gi elevane eit innblikk i verda utanfor klasserommet. Fylkesting for ungdom krev difor at: - Digitale læremiddel må brukast på måtar som fremjar læringa. Dette krev auka kompetanse hos klasseleiar. - Digitale læremiddel og interaktive media skal implementerast i større grad i skulekvardagen. - Ved hjelp av tradisjonelle og sosiale media skal undervisninga vere meir internasjonalisert.
20.	Elevar som må bu borte i samband med videregåande opplæring skal i tillegg motta stipend som fullt ut dekker bustad og livsopphald, samt et reisestipend som dekker minst to heimreiser i året. Reisestipendets beløp bør bestemmost på bakgrunn av kostnader for å reise til og frå bustad til lærestedet. All studiestøtte må justerast i tråd med prisstigninga i samfunnet. Stipendet skal utbetales også siste månaden i studieåret.

## SAMFERDSEL OG MOBILITET

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	VU skal jobbe for å få på plass ei elektronisk busskort løysning. Det skal vere mogleg å ha til dømes ungdomskort, periodekort og skulebusskort på ein og same app. Dette skal ikkje erstatte men støtte opp til dagens ordning.
2.	VU skal arbeide for at cruise-skip skal ha landstrøm.
3.	VU skal arbeide for fleire bussavgangar på små plassar.
4.	VU skal arbeide for kortautomat på bussene, eventuelt moglegheit for å kjøpe billett på dei ulike busstoppa.
5.	VU skal arbeide for at busstider skal korrespondere med særleg skuletider, men også tog og annen kollektivtransport.
6.	VU skal gjennomføre behovskartlegging av Skyss og Kringom sine kollektivtilbod. For å finne ut kvar ein treng å auke eller redusere tilbodet.

7.	VU skal arbeide for å vidareføre "trygt heim for ein 50-lapp" som eksistere i tidlegare Sogn og Fjordane til å gjelde i heile Vestland. For at alle ungdommar skal ha unge skal ha moglegheit til eit sosialt liv, på tross av geografiske forskellar.
8.	VU skal arbeide for at det skal etableras ungdomskort for kollektivtransport i Vestland fylke. Ungdomskortet skal gjelde frå fylte 13 år til og med 23 år. Vi ynskjer ein pris på 250kr pr. månad.
9.	VU skal arbeide for betre ras- og trafikksikring i Vestland fylkeskommune.

## EIGEN ORGANISASJON

Fylkesting for ungdom Vestland meiner...

1.	Eigen organisasjon skal arbeide for å ha jamnleg kontakt med dei ulike ungdomsråda i fylket. Dei skal prøve å ha kontakt med VGS og eventuelt ungdomsskular, og fremje engasjement innan ungdomsråd.
2.	VU skal arbeide for å hjelpe dei ny-oppstarta ungdomsråda med å kome i gang.
3.	VU skal sjå til at alle føler seg velkommen og at alle ungdom har moglegheit til å fremje si meining.
4.	VU skal presentere minimum 3 saker på facebook/instagram i løpet av hver måned.
5.	Sittende VU skal sørge for en god og informativ overlapp med kommande VU, både generelt og i dei ulike utvala.
6.	VU skal være en aktiv pådrivar i arbeidsgrupper for oppretting av Nasjonalt Ungdomsråd.
7.	VU skal lage facebook side/gruppe for alle ungdomsråda i fylket.
8.	VU skal arbeide for tett samband med relevante ungdomsorganisasjonar og vere synlege der andre ungdomspartier er synlege, som for eksempel å stå på stands og arrangere debatter.
9.	VU skal ha minst seks saker i media i løpet av perioden, og være aktive på relevante sosiale medium.
10.	VU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i fylket minst ein gang i halvåret for å oppdatere seg på ungdomsråda sin aktivitet.
11.	VU bør sende representantar til dei ulike partia sine utvalsmøte når det er oppe saker som er aktuelle for VU.
12.	VU skal hjelpe med rådgjeving og oppfølging av ungdomsråd i kommunane i Vestland.
13.	VU skal arbeide for at leiar og nestleiar i VU får tale- og møteplikt på fylkestinget for å snakke om saker som handler om ungdom.
14.	VU skal arbeide for å lage videoreklame som opplyser om VU sitt arbeid på ulike meida, som for eksempel youtube.
15.	VU skal ha som mål og presentere seg for alle VGS i Vestland for å bli kjent med skulane.

**Notat**

Dato: 15.11.2019  
Saksnr: 2019/82-7  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

---

**Til:** Vestland ungdomsutval

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

## **Aktivitet og reisar i Vestland ungdomsutval sidan 03.11.2019**

I tida opp mot det konstituerande fylkesting for ungdom Vestland 01.11.-03.11 kom det ein rekke førespurnader og invitasjonar til det nye Vestland ungdomsutval (VU). Fleire av desse invitasjonane hadde korte fristar og nokre av fristane var allereie utgått.

Etter at møte i fylkesting for ungdom vart heva 03.11 var det satt ned eit kort møte med det nye VU kor administrasjon la fram dei ulike invitasjonane. Nedanfor vil følgje ein oversikt over desse og kven som utvalet slutta at skulle delta på dei ulike tilstellingane.

- **Invitasjon frå fylkesmannen i Vestland: Barnekonvensjonen 30 år – invitasjon til markering**

Tid og stad: 20. november på Solstrand hotell i Os.

VU slutta at Synne Birkhaug og Evelyn Risnes Bjørnebekk representerte VU.

- **Invitasjon til møte i Ungdomens fylkesting Rogaland 09.-10. november**

Tid og stad: 09.-10. november på Scandic City i Stavanger.

VU slutta at Håkon Sveen Lothe og Marius Ahmt representerte VU.

- **Dialogforum i Barne- og familidepartementet 21.11**

Tid og stad: 21.11 i Regjeringskvarteralet frå kl. 12.00-14.00.

VU slutta at leiar for VU Susanne Sørli Slettebakken representerte VU.

- **Invitasjon til Hedmark UFT sitt haustmøte**

VU slutta at Leander Sunde og Evelyn Risnes Bjørnebekk representerte VU.

- **Ungdommens distriktspanel**

VU slutta at Synne Birkhaug representerte VU.

- **Ungdatakonferansen 2019**

Tid og stad: 13.11 i Oslo

VU slutta at Kjersti Helene Rasmussen Hidle representerte VU.

## **Politiske saker**

**PS 1/19 Konstituering av Vestland ungdomsutval**

Saksnr: 2019/82-3  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	1/19	29.11.2019

**Konstituering av Vestland ungdomsutval**

**Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval 2020 er konstituert.

Vestland ungdomsutval vedtekt slik arbeidsstruktur for VU 2020:

.....

**Samandrag**

Vestland ungdomsutval (VU) vart vald på fylkesting for ungdom den 03.11.2019. Det nye VU må derfor konstituere seg.

Vestland ungdomsutval må lage ein arbeidsstruktur for korleis VU skal vere organisert og arbeide. Det vil i saka verte presentert eit alternativ, men utvalet står fritt til å velje ei anna løysing.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

VU består av ni faste medlemer og syv varamedlemer kor dei tre første er fast møtande. Det vil seie at ein har 12 fast møtande til kvart møte. Dette følgjar direkte av vedtekten til VU.

Det er fleire måtar ein kan organisere utvalet på og det er ingen gitt fasit på kva som er riktig. Administrasjon vil her skissere eit alternativ på organisering som er basert på erfaring frå tidlegare ungdomsutval både i Hordaland og Sogn og Fjordane, men og på den fylkeskommunale organiseringa.

### Døme på ansvarsfordeling:

Administrasjon vil tilrå at faste medlemer og dei tre faste vara er ansvarleg for eit satsingsområde kvar. Basert på det vedtekne planprogrammet på fylkesting for ungdom Vestland 03.11.19 vil det være ei god løysing å fordele etter hovudområda skissert der.

### Ansvarsfordeling

#### Leiar og nestleiar:

- Høgste mynde i VU
- Budsjett og rekneskap
- Dynamikken i utvalet
- Delegere ansvar
- Sørgje for framgang i arbeidet
- Møteleiing
- Representasjon
- Sakar utanfor eller overordna dei andre områda
- Avgjerd mellom møter som ikkje er av stor økonomisk eller prinsipielt betyding
- Saksliste og agenda
- Kontakt med politisk kontaktperson i VLFK (denne skal bestemmast i Vestland fylkesting i desember).

#### Leiar for dei fire områda:

- Kontaktperson på sitt område
- Halde kontakta med utvalsleiar
- Sørgje for at sakar, planar og førespurnader innanfor sitt område vert handsama innanfor dei fristar som er satt.
- Halde seg oppdatert innanfor sitt område
- Delegere ansvar for området sitt
- Sørgje for at utvalet er informert om det som skjer på området
- Fremje aktuelle sakar for politikarar i sitt utval
- Skrive sakar til hjemmesida
- Ha kontakt med medlem og varamedlem som på sitt område

#### Medlemar og varamedlemar i utvalet:

- Kome førebudd til møta
- Bidra til arbeidet, særleg på eige område
- Halde seg oppdatert på eige område og på ungdomspolitikk generelt.

Det nye planprogrammet for 2020 legg til grunn ein oppdeling på fem områdar;

1. opplæring og kompetanse
2. kultur, idrett og integrering
3. samferdsel og mobilitet
4. næring, naturressursar og innovasjon

5. eigen organisasjon.

Områdane er vald på bakgrunn av dei fire politiske utvala i VLFK, samt at det er naudsynt med eit fokus på eigen organisasjon. Eit av medlemene på kvart satsingsområde bør vere leiar for sitt område.

**Vedtakskompetanse**

Vestland fylkesutval

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

**Konklusjon**

VU bør i sitt konstituerande møte velje ein ansvarsfordeling for den kommande perioden 2020-2021.

Saksnr: 2019/82-11  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	2/19	29.11.2019

**Møtedato for Vestland ungdomsutval 2020**

**Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval vedtek slik møtedato for 2020:

**Samandrag**

Det er ikkje enda fastsett ein møteplan for 2020 for Vestland ungdomsutval. Dette er noko ein vanlegvis gjer på det første konstituerande møte i utvalet. På bakgrunn av at administrasjon gjer utskiftingar i utvalet sin rådgjevarfunksjon vil det ikkje vere hensiktsmessig å legge ein heil årssplan fordi det vil avhenge av samarbeid og tilpassingar saman med den nye rådgjevaren. I dette møtet vil ein difor saman med VU finne ein møtedato som passer til første møte i 2020.

Bertil Søfteland  
leiar Politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Både ungdommens fylkesutval Hordaland og ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har hatt kvar sin rådgjevar som følgjar ungdomsutvalet i arbeidet. No når ein går over i Vestland vert det ein ny rådgjevar for Vestland ungdomsutval. Det vil no vere slik at det er ein rådgjevar som har både Vestland ungdomsutval, fylkeseldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsvene. I tillegg vil det være ein viktig føresetnad å vite kva VU meiner er gode datoar for at det skal vere ei god framdrift som og sikrar reell medverknad.

Administrasjonen vil i dette møte difor ikkje fastsette dator for første møte i 2010 eller vidare møtedatoar, men ønskjer å gjere dette i samråd med VU i møte. I dette møte vil ein fokusere på finne ein møtedato for første møte i 2020.

### Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

Administrasjon og VU finn møtedato for 2020 saman i møte 29.11.

Saksnr: 2019/82-2  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksgang** **Saksframlegg**

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	3/19	29.11.2019

**Ungdommens planprogram 2020 - korleis arbeide og marknadsføre  
planprogrammet?**

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Samandrag**

Fylkesting for ungdom vedtok «Ungdommens planprogram 2020» den 03.11.2019. Vestland ungdomsutval må no ta stilling til korleis ein ønskjer å organisere arbeidet med den politikken fylkesting for ungdom Vestland har vedteke.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval vedtok «Ungdommens planprogram 2020» den 03.11.2019. Korleis ønskjer Vestland ungdomsutval å jobbe med og følgje opp dette dokumentet? Korleis ønskjer Vestland ungdomsutval å marknadsføre «Ungdommens planprogram 2020» for administrasjon, politikarar, ungdomsråd og andre?

Aktuelle alternativ er:

- Presentere planprogrammet i hovudutvala:

- o Opplæring og kompetanse
- o Samferdsel og mobilitet
- o Kultur, idrett og integrering
- o Nærings, naturressursar og innovasjon

- Presentere planprogrammet for fylkesutvalet eller fylkestinget

- Presentere planprogrammet for administrasjonen på dialogdagen

- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål.

- Be om eit møte med fylkesrådmann og/eller fylkesordførar for å legge fram planprogrammet.

- Forsøkje å kome i avisa med planprogrammet

Dette er berre forslag og de kan velje eit, nokre, alle eller ingen av desse. Men utvalet bør ha ein plan om korleis ein skal gjere «Ungdommens planprogram 2019» så kjend som mogleg.

### Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval må ta stilling til korleis ein ønskjer å arbeide med «Ungdommens planprogram 2020» gjennom perioden. Dette vil vere avgjerande for at fylkesting for ungdom skal kunne få sin politikk gjennomført på ein tilfredsstillande måte.

Saksnr: 2019/82-4  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksgang		Saksframlegg	
Utv <u>al</u>		Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		4/19	29.11.2019

## Oversikt over ungdomsråd i Vestland fylkeskommune

### Forslag til vedtak

VU lagar ein oversikt over alle ungdomsråd i Vestland fylkeskommune. Oversikten skal syne kven som er leiar i ungdomsrådet og kontaktinformasjon på denne.

### Samandrag

VU har fleire mål som omhandlar oppfølging og kontakt med ungdomsråda i Vestland fylkes. Det er difor naudsynt med ein oversikt over alle ungdomsråda og deira kontaktinformasjon. Administrasjon vil etter dette sørge for å legge til den administrative kontaktinformasjonen i kommunen.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
Rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

Saksnr: 2019/82-10  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	5/19	29.11.2019

**Evaluering av fylkesting for ungdom Vestland 2019**

**Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval meiner følgjande om fylkesting for ungdom 2019:

Bra:

.....  
.....

Dårleg:

.....  
.....

**Samandrag**

Vestland ungdomsutval vert beden om å evaluere fylkesting for ungdom Vestland 2019. Ei slik evaluering er verdifull å ha med seg i det vidare arbeidet og vil fungere som eit fint bakteppe når ein neste gang skal arrangere fylkesting eller til dømes ei Nettverkssamling.

Bertil Søfteland  
leiar Politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

Saksnr: 2019/82-8  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad, Barbara Harterink

<b>Saksgang</b>		<b>Saksframlegg</b>	
<u>Utvat</u>		<u>Utv.saksnr.</u>	<u>Møtedato</u>
Fylkesutval for ungdom		6/19	29.11.2019

## **Regional planstrategi - ungdom - trivsel og tilhøyre**

### **Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval vil bidra med å styrke ungdommar i det regionale planarbeidet. Det er eit mål at dei viktigaste sakane til ungdom vert presentert gjennom medverknadsforum og gjennom aktiv politisk og administrativ medverknad.

Vestland ungdomsutval vel følgjande representantar som ansvarleg for prosessen:

.....

### **Samandrag**

Vestland Ungdomsutval er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. Når de no skal ta fatt på dette viktige oppdraget, kan det vere ein god start å gjere seg kjent med dokumentet «Vestland – Utfordringar for fylket og for regionane» som blei publisert i juni 2019. Dette dokumentet samlar statistikk og utviklingstrekk i Vestland og er eit oppslagsverk for alle som er opptatt av utviklinga i fylket. Utfordringsdokumentet er eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med ny regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket for perioden 2020–2024.

Bertil Søfteland  
Leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland Ungdomsutval er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. Når de no skal ta fatt på dette viktige oppdraget, kan det vere ein god start å gjere seg kjent med dokumentet «Vestland – Utfordringar for fylket og for regionane» som blei publisert i juni 2019. Dette dokumentet samlar statistikk og utviklingstrekk i Vestland og er eit oppslagsverk for alle som er opptatt av utviklinga i fylket. Utfordringsdokumentet er eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med ny regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket for perioden 2020–2024.

### Ungdom – trivsel og tilhøyre

Dokumentet beskriver ti hovudutfordringar for Vestland: 1. klimaomstilling, 2. areal- og naturressursbruk, 3. transport, 4. grøn konkurransekraft, 5. digitalisering, 6. relevant kompetanse, 7. attraktive stader og nærmiljø, 8. kulturliv, 9. likeverdige samfunn.

Den siste handlar om ungdom i Vestland: 10 «Ungdom – trivsel og tilhøyre». Følgjande områder er nemnt i dette kappitelet: medverknad og demokratibygging, tilknyting til lokalt arbeidsliv kan hindre fråflytting, ungdomskultur og møteplassar og til slutt helse og trivsel. Både positive og negative utviklingstrekk er skissert: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar--pdf/vestland-utfordingar.pdf>

### Ny regional planstrategi

Dei nyvalte fylkespolitikarene skal diskutere seg imellom kva utfordringar ein skal prioritere og bruke ressursar på. Ein regional planstrategi for Vestland skal utviklast. Ungdomens Fylkesutval er i ein unik posisjon til å uttale dykk om kva ungdomen i Vestland synes at er viktig at blir prioritert framover. Vi treng dykkar innspel i det vidare arbeidet med regional planstrategi.

### Korleis arbeide vidare?

Det er viktig at Vestland Ungdomsutval først og fremst arbeider med ein plan eller strategi, og presenterer den for Fylkesutvalet. I perioden januar-mars 2020 er det planlagt fleire medverknadsforum med Fylkesutvalet og eksterne aktørar. Her er det viktig å delta aktivt og påverke prosessen. Her er det høve å få prioritert dykkar sakar og få dei inn i den nye planstrategien for Vestland.

Ein måte å sette ungdom på kartet på er å foreslå at Vestland bør ha eit tverrsektorielt ungdomsforum, på lik linje med regionalt næringsforum. Kanskje er ein regional ungdomsplans (ein temaplan på eitt år) vegen å gå, som samlar mange sektorar: vidaregåande opplæring, læreplassar, kollektivtilbod, helseteneste, kulturtild, næringsutvikling, og andre områder som er viktig for unge? Det blir lettare å dra i same retning med klare mål og ein tiltaksplan.

Det er lov å sette seg høge mål. Kva om dykk sett som mål at Vestland skal vere Europas mest ungdomsvennlege region? <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Ostfold-er-Europas-mest-ungdomsvennlig-region/id758219/>

### Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ja

**Regional planstrategi:** Ja

## Konklusjon

Vestland ungdomsutval må ta stilling til om dette er noko dei vil bidra med. Administrasjon vil tilrå at Vestlands ungdomsutval nyttar denne moglegheita til å fremje ungdommar i det regionale planarbeidet.

Saksnr: 2019/82-12  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	7/19	29.11.2019

**Den kulturelle skulesekken (DKS) og medverknad frå VU**

**Forslag til vedtak**

VU deltek i ungdomsprogramrådet i arbeidet med DKS. VU sine representantar frå kultur, idrett og integrering vert valde til å halde ei prosjektet.

**Samandrag**

Den kulturelle skulesekken (DKS) vart etablert i 2001, og er eit program for formidling av kunst og kultur i grunnskular og vidaregåande skular. DKS vert gjennomført av fylkeskommunar og kommunar i heile Noreg. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar.

Når det gjeld formidling av DKS-programmet til skulane og elevane, vil ein sjå Vestland fylke samla. Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane (no Vestland ungdomsutval) vert inviterte til å medverke i faggruppene og det faglege rådet, og velje ut seks produksjonar som skal inngå i programmet.

Bertil Søfteland  
leiar Politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samanslåingsprosessen mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore stort fokus på å vidareføre den kulturelle skulesekken (DKS) i Vestland fylkeskommune. Det er fortsatt mykje arbeid som står igjen før ein går i gang med skuleåret 2020-2021.

I Fellesnemnda vart framdriftsplan for DKS diskutert og det kom blant anna fram at:

*«Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er med i eit samarbeidsprosjekt med Kulturtanken med fokus på elevmedverknad. Eit av prosjekta er samarbeid om medverknad frå dei ungdomspolitiske utvala i dei to fylkeskommunane.»*

*Prosjektleiar rår til at Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane vert inviterte til å nemne opp eit ungdomsprogramråd for skuleåret 2020-2021. Ungdomsprogramrådet medverkar i programarbeidet på følgjande måte:*

- *Gir råd om tema og innhald i programmet.*
- *Er representert i faggruppene og det faglege rådet.*
- *Vel ut seks produksjonar til DKS-programmet, tre til grunnskulen og tre til vidaregåande skule. Produksjonane vert valde med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene.»*

Dette inneber at VU har moglegheit til å bli med å påverke det kulturelle aspektet i skulesektoren. Arbeidet med DKS er allereie i gang og det er mykje som skjer no før jul og rett over nyttår. Det skal bland anna vere:

- møte i faggruppene som skal vere gjennomført før jul.
- ungdomsprogramrådet må velje ut 6 produksjonar rett over nyttår
- fagleg råd vedtar programmet for skuleåret 2020-2021 i februar.

Administrasjonen vil tilrå at VU sine medlemer som skal arbeide med kultur vert valde til å bli med på dette. Det er naturleg nok mykje som er relevant for akkurat dei på dette området. Dei som vert valde må rekne med å bli kontakta av kulturavdelinga ganske fort etter utvalet sitt møte 29.11.

Vedlagt er saka slik den vart presentert for Fellesnemnda. Der er det mykje informasjon.

### Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

VU deltek i ungdomsprogramrådet i arbeidet med DKS. VU sine representantar frå kultur, idrett og integrering vert valde til å halde ei prosjektet.



Arkivnr: 2019/2073-15

Saksbehandlar: Charlotte Espeland, Øyvind Sunde Høstaker, Ronny Skaar, Ingebjørg Erikstad og Siri Ingvaldsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.09.2019

**Overgangsordning DKS - Planlegging av skuleåret 2020-2021****Samandrag**

Den kulturelle skulesekken (DKS) vart etablert i 2001, og er eit program for formidling av kunst og kultur i grunnskular og vidaregåande skular. DKS vert gjennomført av fylkeskommunar og kommunar i heile Noreg. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar.

Planleggingshorisonten for DKS er lang. Ein startar planlegginga av programmet om lag eit år før gjennomføring. På bakgrunn av dette gjeld overgangsordninga som denne saka omfattar følgjande:

- planleggingsperioden frå september 2019 til august 2020,
- gjennomføringsperioden frå skulestart hausten 2020 til juni 2021.

Når det gjeld formidling av DKS-programmet til skulane og elevane, vil ein sjå Vestland fylke samla.

Overgangsordninga omfattar forvaltning av spelemidlar, planlegging, programmering og gjennomføring av DKS-programmet for skuleåret 2020-2021, jamfør DPO 3. Overgangsordninga omfattar ikkje administrativ organisering.

Frist for å kome med framlegg til programmet for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021 er 1. oktober 2019. Prosedyrar som er funderte på gode forvaltingsetiske prinsipp må ligge til grunn for å sikre ei god kvalitetsvurdering av produksjonane og transparente prosessar der alle utøvarar har likt høve til å fremme forslag til programmet. På bakgrunn av dette rår prosjektleiar til at det vert etablert faggrupper, eit ungdomsprogramråd og eit overordna fagleg råd for DKS.

Faggruppene vert administrativt oppnemnde, og skal ha føremålstenleg samansetting som sikrar god, fagleg vurdering av alle innkomne forslag til programmet. Faggruppene tilrår produksjonar som kan inngå i programmet.

Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane vert inviterte til å medverke i faggruppene og det faglege rådet, og velje ut seks produksjonar som skal inngå i programmet.

Det vert administrativt oppnemnt eit breitt samansett, overordna fagleg råd som vedtar endeleg program for DKS. Med omsyn til vidare planleggingsprosess, må fagleg råd vedta programmet tidleg i 2020. Fylkestinget for Vestland fylkeskommune må derfor vedta rådets mandat og fullmakt primo 2020.

Eit sett kriterium blir lagt til grunn for det samla utvalet av kunst- og kulturproduksjonar i DKS-programmet for Vestland fylkeskommune, skuleåret 2020-2021. Sogn og Fjordane fylkeskommune har på bakgrunn av

dagens modell for DKS nokre allereie inngåtte avtalar som vil bli gjennomførte som del av det samla programmet.

**Forslag til vedtak**

Fellesnemnda sluttar seg til overgangsordninga for Den kulturelle skulesekken, slik den er skissert i saka.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Prosjektleiar, 21.08.2019**

I det følgjande vert ei overgangsordning for Den kulturelle skulesekken (DKS) for skuleåret 2020-2021 presentert.

Overgangsordninga omfattar forvaltning av spelemidlar, planlegging, programmering og gjennomføring av DKS-programmet for skuleåret 2020-2021, jamfør DPO 3. Overgangsordninga omfattar ikkje administrativ organisering. Arbeidet med DKS vil ligge i Seksjon for kulturformidling i Avdeling for kultur, idrett og inkludering.

Planleggingshorisonten for DKS er lang. Ein startar planlegginga av programmet om lag eit år før gjennomføring. På bakgrunn av dette, gjeld overgangsordninga som denne saka omfattar følgjande:

- planleggingsperioden frå september 2019 til august 2020,
- gjennomføringsperioden frå skulestart hausten 2020 til juni 2021.

Når det gjeld formidling av DKS-programmet til skulane og elevane, vil ein sjå Vestland fylke samla.

### **1. Innleiing**

DKS vart etablert i 2001, og vert gjennomført av fylkeskommunar og kommunar i heile Noreg. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. Kulturtanken – ein etat under Kulturdepartementet – har det sentrale ansvaret for ordninga, og tildeler midlar til fylkeskommunar og kommunar etter ein fordelingsnøkkel utvikla av Utdanningsdirektoratet. Midlane til fylkeskommunane skal nyttast på kunst- og kulturtilbod både i grunnskulen og vidaregåande skule. Minst ein tredjedel av midlane til grunnskulen skal med utgangspunkt i fordelingsnøkkelen fordelast vidare til kommunane, og minst ein tredjedel skal forvaltast av fylkeskommunen. Den siste tredjedelen er det fylkeskommunen som fordeler til det beste for ordninga i fylket. Midlane til tilbod i vidaregåande skule vert forvalta av fylkeskommunen.

Kommunar som har status som direktekommunar har sjølvstendig ansvar for DKS i grunnskulen. Desse kommunane får sine midlar tildelt direkte frå Kulturtanken. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det berre Bergen kommune som har status som direktekommune.

Grunnskuleelevar i direktekommunar får tilbod frå sin kommune, og ikkje frå fylkeskommunen. I dei resterande kommunane får grunnskuleelevane tilbod både frå sin kommune og frå fylkeskommunen. Elevane i dei vidaregåande skulane får heile sitt tilbod frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunar og direktekommunar rapporterer bruk av midlar direkte til Kulturtanken. Resten av kommunane rapporterer gjennom fylkeskommunen.

#### **1.1. Dagens modell Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Arbeidet med DKS er lagt til Nærings- og kulturavdelinga, der fagkoordinator og andre medarbeidarar i DKS-teamet har totalansvar for sine produksjonar. Dette omfattar økonomi, turnelegging, gjennomføring, oppfølging og evaluering. Også Fylkesbiblioteket medverkar i DKS-arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg programmet etter følgjande prinsipp:

1.-4. trinn: Minst eit tilbod innan musikk og scenekunst.

5.-7. trinn: Minst eit tilbod innan film, visuell kunst og litteratur.

8.-10. trinn: Produksjonen «Tidskapselen» av Musea i Sogn og Fjordane.

Det vert formidla minst to tilbod med varierte kulturuttrykk til elevane i vg1, vg2 og vg3 kvart skuleår, og eitt tilbod til lærlingane.

Alle elevar i grunnskulen får 3-4 tilbod kvar. Programmet vert sett saman dels på bakgrunn av forslag som har kome inn innan ein fastsett frist, dels gjennom nyproduksjonar som er initierte av fylkeskommunen, og dels gjennom langtidsavtalar. Programmet skal ha høg kvalitet, og balanse i ulike uttrykk. Det skal vere variasjon i type arena som vert nytta, frå framstyringar på skulane til besøk på teater/kulturhus/museum

mm. Eksterne faginstitusjonar er viktige samarbeidspartar. Døme: Norsk scenekunstbruk, Nasjonalmuseet, Sogn og Fjordane teater, Førdefestivalen, Musea i Sogn og Fjordane, Teaterfestivalen i Fjaler, Nynorsk kultursentrum og Norsk forfattarsentrum. Det vert også lagt vekt på tett samarbeid med skulane og utøvarar med evaluering etter kvar turne.

I samband med arbeidet med DKS har Sogn og Fjordane fylkeskommune delt fylket opp i tre turneområde. Det er ei målsetting at ein produksjon turnerer heile fylket dersom erfaringa og evalueringa frå skulane er gode. – Ein produksjon kan turnere i tre påfølgande skuleår for å dekke heile fylket.

Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med distriktsmusikarane i Sogn og Fjordane om kjøp av DKS-produksjonar (1 turne pr. distriktsmusikargruppe pr. skuleår). Fylkeskommunen har også avtale med Musea i Sogn og Fjordane om DKS-produksjonen «Tidskapselen».

#### 1.2. Dagens modell i Hordaland fylkeskommune

Arbeidet med DKS er lagt til Kultur- og idrettsavdelinga ved Seksjon for kunst- og kulturformidling, der eit team med fagkoordinator, fagansvarlege, seniorrådgjevar og turneleggarar har ansvar for økonomi, planlegging og turnelegging, gjennomføring og evaluering av DKS. Andre seksjonar i fylkeskommunen medverkar i det faglege arbeidet.

Programmet for DKS vert planlagt eitt skuleår om gangen, og turneane vert lagde med bakgrunn i programma for tidlegare år. Målsettinga er at kvar elev over tid skal ha eit variert tilbod innan alle uttrykka i DKS.

Hordaland fylkeskommune har vedtekne prosedyrar og kriterium som sikrar ryddige og transparente prosessar som tek i vare både elevane og det mangfoldige kunst- og kulturlivet i fylket. Utøvarar og andre aktørar kjem med framlegg til programmet innan ein fast frist. Berre framlegg som har kome innan fristen blir vurderte.

Seks faggrupper gjer den faglege vurderinga av alle produksjonar som er melde inn innan fristen. Faggruppene er breitt samansette med mellom to og fire representantar frå eksterne faginstansar, og inntil to interne fagpersonar. Samansettinga er gjort for å sikre god, fagleg vurdering av alle produksjonane. Døme på eksterne faginstansar er Proscen, Visp, Universitetet i Bergen, Høgskolen på Vestlandet, Norsk forfattersentrum Vestlandet, Hordaland museumslag, Bergen dansesenter, Assitej og Scenekunstbruket.

I forkant av møta i faggruppene les ein lærar frå grunnskulen og ein frå vidaregåande skule gjennom alle dei innkomne forslaga, og kjem med tilrådingar i høve målgruppa. Tilrådingar frå lærarrepresentantane og evalueringar frå tidlegare turnear vert presentert under handsaminga i faggruppene.

Eit ungdomsprogramråd med representantar frå Ungdommens fylkesutval påverkar programmet både ved å delta i faggruppene og ved å fastsette deler av det endelege programmet. Produksjonane som er valde ut av ungdomsprogramrådet vert merka *Elevane sine val*.

På bakgrunn av faggruppene sine tilrådingar, ungdomsprogramrådet sitt val og omsynet til DKS-programma for tidlegare skuleår, fremmar fylkesrådmannen innstilling til fagleg råd.

- Programmet til grunnskulen vert tildelt kvar skule og klasse på bakgrunn av program frå tidlegare år, og med omsyn til ovanfor nemnde variasjonsfaktorar.
- Vidaregående skule prioriterer produksjonar utifra ei tildelt liste. Programmet vert lagt med utgangspunkt i prioriteringar, og med omsyn til variasjon.

Eit overordna fagleg råd med representantar frå faggruppene og skulesektoren vedtar det endelege programmet. I fagleg råd sit ein representant frå kvar faggruppe, ein representant frå Høgskolen på Vestlandet, lærarrepresentant både frå grunnskulen og vidaregåande skule, representant frå opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, og representantar frå Seksjon for kunst- og kulturformidling. Fagleg råd er oppnemnd av fylkesrådmannen, men har sitt mandat og sine fullmakter delegert frå Fylkestinget.

Følgjande krav og kriterium ligg til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar i programmet:

- a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmoptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangermessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
- f) Det skal vere eit særskilt fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
- g) Det samla programmet skal ha god kjønnssfordeling blant utøvarane.
- h) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og målføre.
- i) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og –arenaer.
- j) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med freelanceutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- k) På scenekunstfeltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og freelanceutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er søkjargrunnlag for det.

## **2. Framlegg til prosedyrar for skuleåret 2020-2021**

Frist for å kome med framlegg til programmet for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021 er 1. oktober 2019.

Måla for DKS i Vestland skal vere:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel,
- å legge til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag,
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

For å sikre ei god kvalitetsvurdering av produksjonane, og transparente prosessar der alle utøvarar har likt høve til å fremme forslag til programmet, må prosedyrar som er funderte på forvaltingsetiske prinsipp ligge til grunn for arbeidet med DKS. På bakgrunn av dette rår prosjektleiar til at det vert etablert faggrupper, eit ungdomsprogramråd og eit overordna fagleg råd for DKS.

Lærarar frå grunnskulen og vidaregåande skule vert inviterte til å medverke i arbeidet med programmet.

### **2.1. Faggrupper**

Det skal vere ei faggruppe for kvart av dei seks uttrykka i DKS. Det vil seie faggruppe både for film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og for visuell kunst.

Prosjektleiar rår til at det administrativt vert oppnemnt faggrupper for dei seks uttrykka i DKS. Faggruppene skal ha føremålstenleg samansetting som sikrar god, fagleg vurdering av alle innkomne forslag til programmet. I kvar faggruppe skal det i hovudsak vere minimum to og maksimum fire eksterne fagpersonar, i tillegg til maksimum to fagpersonar frå Seksjon for kunst- og kulturformidling i Hordaland fylkeskommune og maksimum to fagpersonar frå Kulturseksjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I tillegg er det ønskeleg med ein til to representantar frå ungdomsprogramrådet og ein representant frå skulen. Kvar faggruppe vel ein representant til fagleg råd.

Faggruppene skal gjere ei fagleg vurdering av alle innkomne forslag, og tilrå produksjonar som kan inngå i programmet. Møta i faggruppene skal vere gjennomførte innan utgangen av 2019. Administrasjonen utarbeider framlegg til program på bakgrunn av tilrådingane frå faggruppene.

### **2.2. Fagleg råd**

Prosjektleiar rår til at det administrativt vert oppnemnt eit overordna fagleg råd for DKS i Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021. Fagleg råd skal vere breitt samansett med representantar frå faggruppene, grunnskulen og vidaregåande skule, Høgskolen på Vestlandet, samt Avdeling for opplæring og kompetanse, Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune og ein representant frå ungdomsprogramrådet.

Fagleg råd vedtar programmet for DKS i Vestland fylkeskommune for 2020-2021 etter tilråding frå administrasjonen.

Med omsyn til vidare planleggingsprosess må fagleg råd vedta programmet for DKS tidleg i 2020. Fylkestinget for Vestland fylkeskommune må vedta rådets mandat og fullmakt primo 2020.

### **2.3. Ungdomsmedverknad**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er med i eit samarbeidsprosjekt med Kulturtanken med fokus på elevmedverknad. Eit av prosjekta er samarbeid om medverknad frå dei ungdomspolitiske utvala i dei to fylkeskommunane.

Prosjektleiar rår til at Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane vert inviterte til å nemne opp eit ungdomsprogramråd for skuleåret 2020-2021. Ungdomsprogramrådet medverkar i programarbeidet på følgjande måte:

- Gir råd om tema og innhald i programmet.
- Er representert i faggruppene og det faglege rådet.
- Vel ut seks produksjonar til DKS-programmet, tre til grunnskulen og tre til vidaregåande skule. Produksjonane vert valde med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene.

### **2.4. Eksisterande avtalar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har på bakgrunn av dagens modell for DKS nokre allereie inngåtte avtalar som gjeld skuleåret 2020-2021. Desse vil bli gjennomførte innanfor tildelinga til Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021, og som del av det samla DKS-programmet.

### **2.5. Kriterium**

Vestland blir eit sterkt fylke med eit rikt kulturliv. Ei sentral målsetting for Vestland fylkeskommune vil vere å nytte lokale utøvarar og aktørar i DKS-programmet, og auke tilfanget av nynorskproduksjonar.

Bergen kommune er den største direktekommunen i Noreg, og ei mengd større kunst- og kulturinstitusjonar har sitt hovudsete der. Både desse og det mangfoldige landskapet av frie grupper og utøvarar skal ha plass i DKS-programmet.

Prosjektleiar rår til at følgjande kriterium blir lagt til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar i DKS-programmet for Vestland fylkeskommune skuleåret 2020-2021:

- a) Framleggstillar skal ha levert fullstendig framlegg innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmoptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangermessig breidd, spelestad og formidlingsmåte. I det samla programmet skal det også vere produksjonar på tvers av uttrykk.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen si undervisning i estetiske fag.
- f) Det skal vere eit særskilt fokus på regionale og lokale utøvarar. Nyskapande kunst skal prioriterast.
- g) Det samla programmet skal ha god kjønnssfordeling blant utøvarane.
- h) Det samla programmet skal ivareta minoritetar og legge vekt på inkludering.
- i) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og ulike målføre.
- j) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og –arenaer.
- k) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.

- I) På scenekunstfeltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frilansutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30% av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er grunnlag for det.

#### 2.6. Spelemidlar til Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020-2021

Jamfør føringar frå Kulturtanken skal spelemidlar til DKS dels fordelast vidare til lokale tiltak i kommunane og dels forvaltast av fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune får tildelt spelemidlar til DKS for skuleåret 2020-2021 i mai/juni 2020. På bakgrunn av føringar frå Kulturtanken og overgangsordninga slik den er skissert i saka, vil midlane bli forvalta slik:

1. Gjennomføring av kunst- og kulturformidlingsprogram i grunnskular i Vestland fylke, jamfør tildeling av spelemidlar.
  - a. Vidarefordeling av midlar til kommunane i Vestland fylke.
  - b. Gjennomføring av Vestland fylkeskommune sitt samla program i grunnskulen.
  - c. Gjennomføring av allereie avtalte turnear.
2. Gjennomføring av Vestland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i vidaregåande skular jamfør tildeling av spelemidlar.
  - a. Gjennomføring av Vestland fylkeskommune sitt samla program i vidaregåande skule.
  - b. Gjennomføring av allereie avtalte turnear.

Kulturtanken jobbar med utvikling av ny fordelingsnøkkel som vil vere gjeldande frå skuleåret 2020-2021. Når tildelinga og ny fordelingsnøkkel ligg føre, må Fylkestinget for Vestland fylkeskommune vedta forvaltning og fordeling av spelemidlane til DKS.

Saksnr: 2019/82-5  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom	8/19	29.11.2019

**Val av representant til samarbeidsorganet for folkehelseprogrammet i Vestland fylkeskommune**

**Forslag til vedtak**

VU gjer slikt val av representantar til samarbeidsorganet for folkehelseprogrammet i Vestland fylkeskommune:

1. .....
2. .....

**Samandrag**

Arbeid med folkehelse har vore eit omfattande prosjekt både i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Samarbeidsorganet for folkehelseprogrammet har bestått av ulike representasjon for å sikre best mogleg arbeid med mål og tiltak i helsearbeidet. Ungdommens fylkesutval i Hordaland har hatt to plassar i samarbeidsorganet og har møtt jamleg.

Samarbeidsorgana i dei to «gamle» fylka er no i ein samanslåingsprosess kor dei skal bli einig om vegen vidare.

VU har fått tilbod om to plassar i samarbeidsorganet. Dersom VU er interessert i delta på dette, må VU gjere eit vedtak på kven som skal delta.

Sjå vedlegg for meir informasjon om prosessen.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

# Folkehelseprogrammet i Vestland og vegen vidare


Møte i dei regionale samarbeidsorgana-  
Hordaland 20.november og Sogn og Fjordane 13.desember 2019

# Innhald

- Status pågående arbeid Sogn og Fjordane (i Hordaland)
- Status pågående arbeid i Hordaland (i Sogn og Fjordane)
- Prosessarbeid: innspel frå samarbeidsorganet knytt til erfaringar og framtidig rolle.
- *Samarbeidsorganet – tankar framover frå Vestland fylkeskommune.*
  - Etablering av felles samarbeidsorgan – vegval og retning.
  - Arbeidsprosessar knytt til opptak av nye tiltak i folkeprogrammet 2020.
- Samarbeid og kompetanseutvikling i folkehelseprogrammet.

## Status Hordaland – 6 tiltak i 2018

- Askøy                    - Attraktive og gode møteplasser for barn og unge.
- Bergen                  - Utvikling av tiltak for helsefremmende miljø på sosiale medier.
- Bømlo                  - Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge.
- Kvam m/fleir           - «Juniorforskarprosjektet» - Utvikling av ungdom sin kompetanse, engasjement og empowerment.
- Kvinnherad             - «Rosendalsprosjektet» Sosial møteplass og mangfold av aktivitetar som tilbod etter skuletid
- Stord/Fitjar           - «16 år – ka no?» - Tilpassa og trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule



# Status Sogn og Fjordane – 2 tiltak 2019


## Kinn kommune

- Mål: Vi ønskjer å betre barn og ungdom si psykiske helse i Kinn kommune.
- Målgruppe: Alle barn og unge 0-24 år (primær)  
Tenester som arbeider med målgruppene (sekundær)
- Tiltaksområde: 1. Hjelp til regulering med fokus på søvn, kosthald, aktivitet  
2. Styrka foreldresamarbeid  
3. Meir aktiv og inkluderande fritid

## Nye Sogndal og Luster kommunar

### Livsmeistring – robuste barn og ungdom

- Mål: Utvikle systematisk og heilskapleg løp for livsmeistring i barnehage og skule
- Målgruppe: 1. Barn og unge 0-15 år, 2. Føresette, 3. Tilsette i skule, barnehage og helse
- Tiltaksområde A: Helse, barnehage og skule, Tiltaksområde B: Heim



Endelig godkjenning av  
tiltak 13. des. 2019.

# Samarbeidsorganet–Vestland: vegval og retning

## Målsetting:

### A Etablere eit samarbeidsorgan for folkehelseprogrammet

- Bygge nasjonale føringer, SINTEF- rapporten
- Bygge på innspel frå dei to samarbeidsorgana.


### B Etablere eit strategisk regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet

- Etter fhl. § 20, 2.ledd. Fylkeskommunen skal vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket, t d. gjennom partnarskap.
- Avtalebasert partnarskap – formalisert samhandling?
- Dialog med ulike partar internt i Vestland og eksterne.
- Utvida oppgåver og nytt mandat.

### Dagens situasjon




### Vestland



Innspel frå samarbeidsorganet – med utgangspunkt i spørsmåla i SINTEF-evalueringa.

- 1) Korleis vurderer medlemane nytten av arbeidet i samarbeidsorganet? Korleis kan samarbeidsstrukturen bidra i folkehelsearbeidet i Vestland i åra som kjem? Same oppgåver eller fleire oppgåver? I tilfelle kva oppgåver?
- 2) Korleis held medlemane seg orienterte om kva som skjer i programmet og i kommunane, og får medlemane dekka informasjonsbehova sine?
- 3) Om strukturar: Vurdering av arbeidsformer? Møtefrekvens? Samarbeidspartar ein saknar?

## Arbeidsprosesser opptak nye tiltak i 2020



# Struktur for opptak av nye tiltak i programmet 2020

## Utlysing av nye tilskot

Januar 20



**Felles vurderingsprosess i  
nytt samarbeidsorgan**


Mai 20  
Møte 1 Opptak  
«program»  
kommunar

Nov 20  
Møte 2  
Godkjenning  
av  
tiltak/endelig  
tildeling av  
midlar

## Tildelingsdokument



# Oversikt



# Samarbeid og kompetanseutvikling frå 2020: Status

<p><b>Tilskotsordninga:</b></p> <p><b>NYE SØKJAR KOMMUNAR</b></p> <p>Felles samlingar for utvikling av søknad og prosjektplan.</p>	<p>Mål:</p> <p>Styrke utvikling av prosjektsøknad og prosjektplan i samhandling med FoU-miljø.</p>
<p><b>Tilskotsordninga:</b></p> <p><b>KOMMUNAR INNE I PROGRAMMET</b></p> <p>Programsamlingar – prosjektgrupper.</p>	<p>Mål:</p> <p>Felles kompetancesatsing og erfaringsdeling–</p> <p>Framtidig plan og struktur ikkje sett.</p>
<p><b>UTVIKLINGSARBEID ALLE KOMMUNAR</b></p>	<p>Må avklarast korleis Vestland skal bidra til at alle kommunane i det nye fylket skal få nytte av folkehelseprogrammet.</p>

# Alle kommunar: Resultatmålene for psykisk helse

- ☒ innen 2019 har de fleste kommuner inkludert forhold som fremmer psykisk helse som del av oversiktsarbeidet etter folkehelseloven, og i 2023 har alle kommuner det
- ☒ innen 2020 har de fleste kommuner drøftet utfordringer knyttet til barn og unges psykiske helse og trivsel og avklart eventuelle planbehov, og i 2024 har alle kommuner det
- ☒ innen utløpet av programperioden (2027) har alle kommuner økt kapasitet og kompetanse til å drive et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid for å fremme psykisk helse



# Tidslinje

8.nov.2019 Internt Planleggingsmøte Vestland.



20.nov og 13.des. 2020  
Diskusjon i og innspel frå dei to samarbeidsorgana.



Des 2019 og jan 2020:  
Dialog med ulike aktørar. Notat om rolle, mandat og samansetjing.



Februar - mars 2020: Leiargruppa Vestland. Fylkesutvalet i Vestland.



Mars-april 2020: Utnemning av nye medlemar.

Mai/juni 2020: Første konstituerande møte. Nytt opptak av programkommunar.



## Saksvedlegg: Sak 4/2018: Etablering av regionalt samarbeidsorgan

### Bakgrunn:

I tråd med regelverket for Program for folkehelsearbeid i kommunane skal fylkeskommunen etablere eit regionalt samarbeidsorgan for å forankre utviklingsarbeidet i kommunane og for å knyte forskingskompetanse til prosjekta. Etablert struktur for samhandling kan også nyttast. Fylkeskommunen skal vere sekretariat for samarbeidsorganet.

«*Det regionale samarbeidsorganet bør ha deltaking frå leiarar på politisk nivå i fylkeskommunen, kommunar og frå høgskular/ universitet/ kompetansesentre. Det bør også vurderast om andre aktørar bør delta i samarbeidsorganet, slik som fylkesmannen, frivillige organisasjonar, ungdom, KS m. fl.*» s. 8 i program omtalen.

Det tidlegare partnarskapet for folkehelse i Hordaland etablert i 2007, blei av ulike grunnar avvikla i 2014. Fylket har i dag ikkje eit strategisk og avtalebasert partnarskap for folkehelsearbeidet. I handlingsprogram til Regionalplan for folkehelse som skal sluttbehandlast i fylkesutvalet den 01.02.2018, er tiltak knytt til å etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland lagt inn. Målet med tiltaket er på kort sikt å forankre og følge med utviklingsarbeidet i kommunane gjennom Program for folkehelsearbeid. På lengre sikt vurdere å utvikle eit strategisk organ for å ivareta rolla som regional utviklar i folkehelsearbeidet. Dette må også knytast opp mot samarbeidsmodellar som skal drøftast inn i nytt fylke.

Hordaland fylkeskommune har invitert inn samarbeidsorgan med representantar frå kommunane, frå kunnskaps- og forskingsmiljø, fylkesmannen, frivillig sektor, politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen, ungdomsrepresentantar og NAV.

Oppgåver/mandat for arbeidet vil bli evaluert og endra ved behov.  
Samarbeidsorganet bør møtast to-tre gangar årleg.

### Til drøfting. Forslag til mandat og oppgåver for arbeidet:

- Samarbeidsorganet skal følge med i arbeidet knytt til Program for folkehelsearbeid i kommunane, og vere oppdatert på tiltaksutviklinga i kommunar som har fått tilskotsmidlar.
- Samarbeidsorganet vil bli årleg orientert om framdrifta, og kan drøfte utviklinga av programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd til fylkeskommunen på val av kriterier for å inkludere kommunar og tiltak inn i programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet, etter opne søknadsprosessar. I dette ligg også råd knytt til fordeling av tilskotsmidlar. Sentralt i vurderinga er å sjå føremål og nytte av tiltaket, kunnskapsgrunnlag og om tiltaket kan gjennomførast og evaluerast.
- Samarbeidsorganet skal gje råd om fylkeskommunen kan stå som tiltakseigar for prosjekt i vidaregåande skular/opplæring, om det er etablert samarbeid med ein eller fleire kommunar.

Saksnr: 2019/82-6  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksgang		Saksframlegg	
Utv.		Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		9/19	29.11.2019

## Invitasjon til å delta i KS ungdomsmedverknadsprosess

### Forslag til vedtak

VU vel følgjande medlem til å delta i KS sin ungdomsmedverknadsprosess:

.....

### Samandrag

Vestland ungdomsutval er invitert til å delta på KS (kommunesektorens organisasjon) sitt toppmøte om, for og med unge. Formålet er at dei unge skal kunne vere med å påverke, lære og utforske det demokratiske systemet med medlemsorganisasjonar opp mot kommunar og fylkeskommunar.

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

**Fra:** Marianne Lindheim (Marianne.Lindheim@ks.no)

**Sendt:** 31.10.2019 15:14:35

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Oslo kommune; Rogaland fylkeskommune; Troms fylkeskommune; Aust-Agder fylkeskommune; Vest-Agder fylkeskommune; Akershus fylkeskommune; Buskerud fylkeskommune; Finnmark fylkeskommune; Hedmark fylkeskommune; Møre og Romsdal fylkeskommune; Nordland fylkeskommune; Oppland fylkeskommune; Sogn og Fjordane fylkeskommune; Telemark fylkeskommune; Vestfold fylkeskommune; Østfold fylkeskommune; Trøndelag fylkeskommune

**Kopi:** ingeborg.ellen.forseth@mrfylke.no; Lars Runar Zahl-Jensen; Siri Hansen; Hanne Sofie Roaldsen; Christian Hellevang; ann-irene.saeternes@oppland.org; Torkel Øien; Ulrik Grøntvedt; aurora@dolfsen.no; hedda.ottar@gmail.com; kristianvl01@gmail.com; Jonas Skogstrø Olsen; oleaugustiversen@gmail.com; Anna Charlotte Larsen; Trond Kalhagen; ragnhild.irja.enstad@afk.no; rina.kamilla.yamamoto@bfk.no; janne@hedmark.org; trigry@nfk.no; ellen-jermstad.haugan@ntfk.no; emilie@ung.info; truls@ungorg.no; Ragnhild.Holte@rogfk.no; tor.erik.munkvold@stfk.no; guro.hoyvik@sfj.no; asl@vaf.no; Camilla.Thomassen@vaf.no; anneline.thommesen@vtfk.no; magnus.bekkevold@t-fk.no; John Arve Eide; Silje Lyngstad; Anne Romaas; Kari Skulrud Ugland

**Emne:** 19/01566-7 - Til ungdomsråd i fylkeskommunene om KS ungdomsmedvirkningsprosess

**Vedlegg:** Til ungdomsråd i fylkeskommunene.docx

Hei!

KS vil med dette invitere fylkeskommunenes ungdomsråd med inn i en medvirkningsprosess til vedtakene som gjøres på KS Landsting i februar 2020. Se vedlagt brev og lenke til arrangementet *Alle bekker små*:

<https://www.ks.no/ks-toppmoter/>

Vi oppfordrer Fylkeskommunene (de nye fra januar 2020) til å sette sammen en delegasjon bestående av ti ungdommer fra ungdomsråd i kommuner og fylkeskommune som kan delta på KS Toppmøte Barn og Unge.

<https://www.ks.no/ks-toppmoter/toppmote-barn-og-unge/toppmote-barn-og-unge/>

Det er viktig at ungdomsrådet i fylkeskommunene, eventuelt sammen med unge fra ungdomsrådene har en prosess i løpet av januar for å drøfte de prioriterte politikkområdene i politisk grunnlagsdokument til landstinget slik at de er forberedt til debatt om dette på Toppmøte Barn og Unge. <https://www.ks.no/ks-toppmoter/politisk-grunnlagsdokument/>

Vi har en arbeidsgruppe bestående av medlemmer fra noen av ungdomsrådene som bistår oss i arbeidet, men trenger en fra hver av de nye fylkene. Neste møte i arbeidsgruppa er 17. nov. Vi trenger rask tilbakemelding på hvem som kan delta fra de nye fylkene som ikke er representert (senest 12. november). Vi vil også møte lederne av ungdomsrådene som kommer til Oslo 20. november for å orientere og få innspill til prosessen, men det er viktig at alle kontaktpersonene/ koordinatorene for ungdomsråd i fylkeskommunene kan legge til rette for denne ungdomsmedvirkningsprosessen. Arbeidsgruppa sender ut forslag til metodikk i løpet av desember.

Toppmøtet Barn og Unge legger opp til dialog mellom ungdom og beslutningstakere i kommunene og KS. Fra kl. 15 – 16.30 arrangerer vi en dialogkafe hvor de unge spisser sitt budskap til landstinget 12. februar.

<https://www.ks.no/ks-toppmoter/landstinget-2020/landstinget-2020/> Fra kl. 17 – 18 arrangerer vi en omvisning for de unge i helt nytt klimahus ved naturhistorisk museum.

Noen medlemmer fra ungdomsrådene inviteres også til å fremme budskapet fra ungdomsmedvirkningsprosessen fra scenen på Kommunalpolitisk Toppmøte 11. februar: <https://www.ks.no/ks-toppmoter/kommunalpolitisk-toppmote-2020/kommunalpolitisk-toppmote-2020/>

Vi ser fram til et spennende samarbeid med ungdomsrådene om KS politikk for de neste fire årene. KS regionkontor i deres fylke kan være en god samarbeidspartner for en medvirkningsprosess i januar. Bare ta kontakt om noe er uklart!

Med vennlig hilsen  
*Marianne Lindheim*  
Spesialrådgiver

Epost Email: [marianne.lindheim@ks.no](mailto:marianne.lindheim@ks.no)  
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00  
Mobil Cellular: (+47) 90 60 89 12  
<http://www.ks.no>

**KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON**

The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

